



KVINNHERAD
K O M M U N E

Brann og redning

ØLVE UNGDOMSLAG v/ Hilde Håvik
c/o Hilde Håvik Storhaugvegen 19A

5637 ØLVE

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Wenche Korsbakke	969 46 104	2026/4576-3		03.07.2026

Tilsynsrapport - Ølve Ungdomshus

Kvinnherad brann og redning gjennomførte tilsyn den **02.07.2026** ved Ølve Ungdomshus. Rapporten samanfatar resultatata frå tilsynet og beskriv oppfølginga.

1. Informasjon om tilsynsobjekt og deltakarar

Informasjon om tilsynsobjektet:	
Namn på verksemd: Ølve Ungdomshus	Organisasjonsnummer: 993 776 505
Kontaktperson: Hilde Håvik	Eigar: Ølve Ungdomslag
Type verksemd: Forsamlingslokale	
Besøksadresse: Ølvesvegen 546, 5637 Ølve	
Kommune: Kvinnherad	

Til stades under tilsynet frå tilsynsobjektet:	Til stades under tilsynet frå brann- og redningsvesenet:
Namn: Hilde Håvik – Styreleiar	Namn: Wenche Korsbakke – Branningeniør

2. Tema og kontrollomfang

Hovudtema er eigars systematiske tryggleiksarbeid i samsvar med *Forskrift om brannforebygging*.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av brann- og eksplosjonsvernloven § 13.¹

Kontrollomfanget er:

- *Brann- og eksplosjonsvernloven § 6 om Forebyggende sikringstiltak og vedlikehold, og § 13 om tilsyn med særskilte brannobjekter.*
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskriften/IK) § 5.*
- *Forskrift om brannforebygging §§ 5 og 9 om kontroll og vedlikehold av sikkerhetsinnretningene og eiers systematiske sikkerhetsarbeid.*

Rapporten omhandlar avvik og merknader som vart avdekkja under tilsynet, og er ikkje å rekna som ei tilstandsvurdering av objektet. Hensikta med tilsynet er å vurdere om eigar, verksemd og/eller brukar av objektet arbeider systematisk med branntryggleiken.

3. Resultat – avvik

Tilsynet vart gjennomført med ei gjennomgang av brandokumentasjonen.

Det vart utført synfaring i delar av bygget.

Definisjonar

Avvik	Brott på krav fastsett i eller i medhald av lov og/eller forskrift. Avvik kan gi grunnlag for reaksjon i form av pålegg eller stenging.
Merknad	Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er riktig å påpeika for å ivareta branntryggleiken, men som ikkje omfattast av definisjonen for avvik.
Kommentar	Utfyllande utgreiing av avvik og/eller merknadar som beskriv dei faktiske forholda ved objektet.

Følgande avvik vart avdekkja under tilsynet:

Avvik 1:

Eigar kunne ikkje leggja fram dokumentasjon på kontroll og vedlikehald av brannalarmanlegg og nødlys.

Heimel for avviket:

- Brann - og eksplosjonsvernloven § 6
- Forskrift om brannforebygging §§ 5, 9 og 10

Kommentarar:

Under tilsynet kom det fram at det ikkje er utført årleg kontroll på brannalarmanlegget og nødlysanlegget i bygget. Det er heller ikkje utført eigenkontroll (ettersyn) av brannalarmanlegget, nødlys, manuelt sløkkjeutstyr eller rømmingsvegane. Det blei òg observert at det ikkje var detektor på loftet.

¹ Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) 14. juni 2002 nr. 20

Eigar skal sørge for at det blir utført årleg service av branntekniske installasjonar av kompetent person med nødvendig kunnskap til å vurdere om anlegget oppfyller krava fungerer som føresett. Vidare skal eigar sørge for regelmessig ettersyn av brannalarmanlegg, nødlysanlegg, manuelt sløkkjeutstyr og rømmingsvegar. Ettersynet må utførast med tilstrekkeleg frekvens i samsvar med relevante norske standarder eller andre likeverdige standarder. Til dømes legg *NS 3910:2020 Brannmaterieil Vedlikehold av håndsløkkere* til grunn kvartalsvis ettersyn av handsløkkjarar. *NS 3960:2019 Brannalarmanlegg – Prosjektering, installasjon, drift og vedlikehold* legg til grunn månadleg ettersyn utført av personell med tilstrekkeleg opplæring. For nødlysanlegg tilrår *NS 3926-1:2017 Visuelle ledesystemer for rømming i byggverk – Del 1: Planlegging, utforming og kontroll* ettersyn minst kvar sjettemånad eller i samsvar med leverandøren sine tilvisingar.

Regelmessig kontroll, både årleg service og ettersyn, av branntekniske installasjonar er avgjerande for at desse skal fungera som føresett ved brann. Det er òg viktig at kontrollane blir dokumenterte. Manglande dokumentasjon aukar risikoen for at feil og manglar ikkje blir oppdaga eller utbetra, noko som kan få konsekvensar for varsling, sløkking og evakuering ved brann. Systematisk dokumentasjon bidreg til å sikre at kontrollane blir gjennomførte til rett tid, og at nødvendige tiltak blir følgde opp.

For å lukke avviket må verksemda inngå avtale om årleg kontroll (eller kontroll i samsvar med produsentens spesifikasjonar) av brannalarmanlegg og nødlysanlegg med kvalifisert leverandør. Verksemda må vidare etablere og dokumentere rutinar for ettersyn av brannalarmanlegg, nødlysanlegg, manuelt sløkkjeutstyr og rømmingsvegar i samsvar med relevante standardar eller produsenten sine vedlikehaldsinstruksar. I tillegg må det vurderast om loftet skal ha detektor i samsvar med prosjekteringsgrunnlaget og gjeldande krav. Resultatet av vurderinga må dokumenterast, og dersom det er krav om detektor, må denne installerast.

Avvik 2:

Eigar manglar rutinar rundt det systematiske sikkerheitsarbeidet.

Heimel for avviket:

- Brann - og eksplosjonsvernloven § 6
- Forskrift om brannforebygging §§ 9 og 10

Kommentarar:

Under tilsynet kom det fram at det ikkje er utarbeidd rutinar for registrering og oppfølging av avvik. Det er heller ikkje rutinar rundt dokumentasjon av opplæring. Det blei opplyst at feil og manglar som blir oppdaga, vert ordna fortløpande, men avvika blir ikkje registrerte eller dokumenterte.

For eit grendehus med utleige er det òg viktig å kunne dokumentere at styret har nødvendig kunnskap om brannvern og at leigetakarar får relevant informasjon om brannsikkerheit.

Systematisk registrering og oppfølging av avvik er ein viktig del av det førebyggjande brannvernet. Utan dokumentasjon er det ikkje mogleg å vise at avvik er vurderte og følgde opp, eller å avdekkje gjentakande feil. Også mindre avvik bør registrerast, då dei kan vere tidlege teikn på forhold som over tid kan utvikle seg til større problem.

Ei systematisk avviksregistrering gir betre oversikt over tilstanden på bygget og dei branntekniske installasjonane, legg til rette for prioritering av vedlikehald og reduserer risikoen for at forhold som kan påverke brannsikkerheita vert oversett.

Dokumentert opplæring er òg viktig for å sikre at dei som har ansvar for bygget kjenner til brannvernrutinane, veit korleis avvik skal handterast og kan følgje opp brannsikkerheita på ein forsvarleg måte.

For å lukke avviket må verksemda utarbeide og ta i bruk rutinar for registrering, vurdering, oppfølging og lukking av avvik. Det må dokumenterast at avvik vert registrerte, kva tiltak som er gjennomførte og når avvika er lukka. Vidare må verksemda etablere rutinar for å dokumentere gjennomført opplæring av styret og andre ansvarlege for bygget, samt dokumentere at leigetakarar har fått nødvendig informasjon om brannsikkerheit ved utleige.

Avvik 3 :

Det er manglar i verksemdas internkontroll.

Heimel for avviket:

- Brann - og eksplosjonsvernloven § 6
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5 første ledd punkt 6.

Kommentarar:

Det er ikkje utarbeidd ei risikovurdering av brannsikkerheita med tilhøyrande handlingsplan og tiltak. Dette er eit avvik fordi internkontrollforskrifta krev at verksemda skal kartleggje farar, vurdere risiko og setje i verk nødvendige tiltak. Utan ei dokumentert risikovurdering er det ikkje mogleg å vise at forhold som kan påverke brannsikkerheita er vurderte og følgde opp på ein systematisk måte.

Ei risikovurdering er eit viktig verktøy for å avdekkje forhold som kan føre til brann eller forverre konsekvensane dersom ein brann oppstår. Ei dokumentert risikovurdering med handlingsplan gir oversikt over risikoforhold, legg til rette for prioritering av nødvendige tiltak og sikrar at desse blir gjennomførte og følgde opp

For å lukke avviket må verksemda utarbeide ei dokumentert risikovurdering av brannsikkerheita med tilhøyrande handlingsplan. Risikovurderinga skal identifisere relevante risikoforhold, vurdere behovet for risikoreduserande tiltak og beskrive korleis tiltaka skal følgjast opp og haldast oppdaterte.

4. Andre forhold

Me hadde fyrst ein samtale kring branntryggleik og dokumentasjon før me gjekk ein runde i bygget. Brannvesenet fekk inntrykk av at branntryggleiken er noko ein har fokus på.

Det ligg føre avtale om årleg kontroll av manuelt slökkjeutstyr. Tidlegare dokumentasjon viser at det har vore gjennomført eit godt og systematisk brannvernarbeid med ettersyn, dokumentasjon og opplæring. Bygget framstår som ryddig og oversiktleg, og har enkle og gode rømmingsforhold. Dei avvika som vart avdekte under tilsynet kan rettast opp med forholdsvis enkle tiltak, og styreleiar gav uttrykk for motivasjon til å følgje opp desse.

Me avslutta med eit oppsummeringsmøte kor me hadde ein gjennomgang av registrerte avvik. Det var semje om at eigar/verksemd/brukar finn løysingar for å lukka avvik som vart avdekket.

5. Oppfølging

Tilsynsrapporten blir rekna som endeleg. Tilbakemelding om eventuelle faktiske feil eller misforståingar må sendast oss blir snarast og seinast innan to veker frå rapporten er mottekne.

Rapporten er å rekna som eit førehandsvarsel om pålegg/vedtak jf. forvaltningsloven § 16. Ein eventuell uttale om avvika i rapporten må sendast oss snarast og seinast innan to veker etter at rapporten er motteken.

Tilsynsobjektet pliktar snarast å retta opp avvik som er beskrivne i rapporten. [Døme: Dette inneber å skaffa mangelfull/manglande dokumentasjon, gjennomføra opplæring osv.]

Du må innan **10.08.2026** senda ei skriftleg tilbakemelding for korleis avvika som er beskrivne i denne tilsynsrapporten skal lukkast. Du skal i tillegg senda over dokumentasjon når avvika er lukka, innan dei fastsette fristane, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 33 første ledd om opplysningsplikta.

Dersom me ikkje mottek ei forklaring innan fristen for korleis avvik er retta, vil me vurdera pålegg om retting av avvik, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 37.

Tilbakemelding kan sendast til wenche.korsbakke@kvinnherad.kommune.no eller til post@kvinnherad.kommune.no (merkes saksnr. 2026/4576).

Har de spørsmål til rapporten ta kontakt med Wenche Korsbakke på telefon 969 46 104 eller på e-post nemnt ovanfor.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Wenche Korsbakke
Branningeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
olveungdomslag@gmail.com